

# Leirreglar

Me ynskjer at alle skal ha det kjekt på leir og ber deg difor bruke sunn fornuft; ta vare på alle rundt deg, oppfør deg fint, gjer noko kjekt for deg sjølv og andre og følg leirreglane. Leirreglane gjeld alle 4H-arar, 4H-alumnar, leiarar og andre som oppheld seg på leiområdet.

Generelt sett oppfordrar me til å lytte til Kardemommelova:

Ein skal ikkje plaga andre, ein skal vera grei og snill - og for øvrig kan ein gjera som ein vill!

1. Gjer deg kjend med leirprogrammet og følg det.
2. Alle skal nytte synleg leirbevis gjennom heile leiren.
3. Forlat ikkje leiområdet.
4. Gjestar skal registrerast og få besøkskort.
5. Meld frå til leiaren din om du vert sjuk, skada eller ser nokon andre som treng hjelp, uansett tid på døgeret.
6. Hald orden i leiområdet og bruk bossbøtter. La brannsløkkingsutstyr og anna leirutstyr vera i fred. Ser du noko bli øydelagd eller skada, meld dette inn til leirkontoret!
7. I telteiren skal det vera ro mellom kl. 23 og 07.
8. Bading er lov på tilvist plass til gitte tider. Dette gjeld på vilkår av at din leiar gjev deg lov. Dei som badar skal vera i følgje med ein leiar (1:15) som er svømmedyktig og kan grunnleggjande livredding.
9. Røyking, bruk av propanapparat og open eld er strengt forbode utanom på tilviste plassar. Dette gjeld òg elsigarett.
10. Alkohol og andre rusmiddel er ikkje tillate, og fører til automatisk heimreise på eiga rekning.
11. Energidrikkar er ikkje lov å ha med seg eller drikke under leiren.
12. Leirråd kan ta frå deltakarane farlege gjenstandar, som kniv, ved behov.
13. Ta omsyn til dei andre leirdeltakarane, og naboane til leiområdet. Ikkje opphald deg på/i område/bygningar som ikkje er ein del av leiområdet.
14. Respekter andre sine grenser. Seksuelt krenkande åtferd blir ikkje tolerert. Dette kan være uønskt fysisk kontakt, sårande eller "grisete" kommentarar eller liknande.
15. Hugs å spørja om lov før du publiserer bilete/video av andre.

Alvorleg brot på reglane kan medføre heimsending på eiga rekning. Avgjerd om heimreise takast av Leirrådet.